



**Saksbehandlar:** Eileen Selland

**Kommunedirektør:** Filippo Ballarin

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/23	Forvaltningsutvalet	07.09.2023

## Flytte droppsoner opp til småskulen, Enge

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Droppsona får ny plassering, og vert etablert langs den kommunale vegen inn mot lærarparkeringa ved småskulen til Enge skule.

### Forvaltningsutvalet 07.09.2023:

#### Behandling:

#### KF- 037/23 Vedtak:

##### Samrøystes

Droppsona får ny plassering, og vert etablert langs den kommunale vegen inn mot lærarparkeringa ved småskulen til Enge skule.

#### Saksutgreiing

##### Samandrag


Saka var oppe til handsaming i forvaltningsutvalet 08.06.2023 med framlegg til vedtak om å utsetje saka. Sidan den gong har det vore arbeidd med medverknad i skulen og med FAU. Sjølv plasseringa som no vert handsama er den same som vedtaket av 08.06.2023. Detaljar som endeleg vegbreidde, skilting mm. vert ein del av detaljeringa i prosjektet, og bestemt i samråd med skulen.

Etne kommune fekk i 2022 tilsagn om midlar frå Statens vegvesen for etablering av droppsoner ved Enge skule. Tilsagnet kom seint i året (april), og alternativet som var i tråd med droppsoner-føremålet trong endring av gjeldande plan. Som resultat kom ikkje droppsona i mål innan året var omme.

I mai 2023 fekk kommunen bekrefta at midlane frå 2022 vart overført til i år. Samtidig har det nyleg vore heldt eit ope møte blant eit representativt utval mennesker med interesser i Kulturaksen-området. I møtet vart det tydeleg at det er store fritidsinteresser i området som droppsona var tenkt plassert. Kommunen fekk ein sterk indikasjon på at plasseringa, sjølv om denne teoretisk sett var riktig, ikkje var riktig av omsyn til brukarane. Kommunen gjekk difor i gong

med å sjå på ei alternativ plassering.

*Under: Illustrasjon av fyrste plassering av droppsona, og ny plassering.*



#### **Bakgrunn for saka**

09. februar i år vart planendringa for etablering av droppsona på nedsida av Skakkesenteret vedtekte. Plasseringa av droppsona var eit resultat av ei omfattande vurdering av ulike alternativ, der endeleg plassering baserte seg på kriteria til Trygg Trafikk for kor ei slik sone skal liggje.

Som del av arbeidet vart fylkesvegen gjennom skuleområdet ynskja å omgjort til Hjartesone. Men fylkeskommunen ville ikkje godta å leggje asfaltmaling eller setje opp Hjartesone-skilt som markering av sone (rekna som reklame/forstyrrende element). Kommunen kan framleis ha fokus på auka merksemd gjennom skuleområdet sjølv om denne formelt ikkje kan skiltast Hjartesone.

16. mars inviterte Etne kommune v/einingane for kultur og utvikling til ope møte om Kulturaksen; området mellom båthamna og skateparken i Etne sentrum. Oppmøte var svært godt; 34 framføtte som fordelte seg på 6 grupper, inkl. ei ungdomsgruppe, og ei gruppe i aldrane 25-30 år. Erfaringsvis er desse gruppene vanskelege å treffe på opne møter i regi av kommunen. Samtlege grupper viste usemje i plasseringa av droppsona.

På tross av lite tilbakemeldingar gjennom plansaka, er det tydeleg eit stort engasjement rundt området. Å leggje opp til auka trafikk langs Stadionvegen og å beslagleggje store areal til trafikk, gagnar ikkje den ålmenne interessa i området. Sjølv om dette ikkje naudsyntvis er i tråd med teorien bak etablering av droppsoner. Etne kommune ynskjer å spele på lag med innbyggjarane, og vil i denne samanhengen ta tilbakemeldingane på alvor og til etterretning.

Det vert lagt fram å flytte droppsona opp til småskulen (ved lerarparkeringa ved uteområdet til 1.-3. klasse). Med ny løysinga vert ikkje trafikken langs fylkesvegen noko mindre enn i dag. Tidlegare vurderingar kring trafikksituasjonen synte til at kombinasjonen av personbilar og bussar i busslomma var særleg risikofullt. Skulen har saman med fylket føreslått å innføre nye skilt i

busslomma som gjer at denne ikkje lenger kan nyttast til dropping. Ny plassering av droppsona er såpass nært plassert til busslomma, at dette vert vurdert å vere eit fullgodt alternativ. Eit stort pluss er at dei minste borna vert slept av/på like ved skulegarden sin, og slepp å kryssa ein veg.

Etne kommune har vore i kontakt med Statens vegvesen som støttar vurderinga om å flytta droppsona.

19. mai fekk kommunen oversendt bekreftelse på at midlane frå 2022 er overført til 2023. I rapporteringa av 15. november 2022 la kommunen fram at prisen på droppsona (med fråvær av tiltaka i fylkesvegen) ligg rundt 360.000,-. Det er desse midlane som er overført til i år, og er vurdert tilstrekkeleg for den nye plasseringa.

25. mai vart det bekrefta av Statens vegvesen at Etne kommune kan gå i gong med ny plassering av droppsona ved lerarparkeringa til skulen. Droppsona skal vere påbegynt og helst ferdigstilt innan sluttrapporteringa 15. november i år.

### Saks- og faktaopplysningar

Det er observert at fleire nyttar området ved lerarparkeringa til dropping i dag, slik også ortofoto under syner (bil står parkert langs høgre vegkant). Å nytte området som droppsona vil ikkje vere ukjend for dei fleste.

Ny droppsona vil ha parkeringslomme for minst mogleg inngrep i uteområdet til skulen. Ved å rette ut vegen er det plass til like mange oppstilte bilar som forslaget på nedsida av Skakkesenteret (6 stk). Lomme for dropping er føreslått lagt inn mot skuleområdet. Ein skal køyre fram og snu i mini-rundkøyringa før ein stiller seg opp på riktig side. Med ei slik løysing vert det ikkje rygging i vegen, og borna vert slept av på skulegarden.


*Under: Illustrasjon av ny plassering av droppsona ved lerarparkeringa til skulen. Før igongsetting skal det vurderast korleis skulegarden skal sikrast med gjerde og ev. bom.*



Ny plassering av droppsona er vurdert i tråd med gjeldande reguleringsplan. Området er avsett til offentlig føremål, skule. Plasseringa omfattar ikkje endring i plan, og vert soleis ikkje sendt ut på

høyring. Droppsona skal nabovarslast på vanleg vis før igongsetting.

*Under: Illustrasjon av droppsona lagt over gjeldande reguleringsplan.*



Detaljar i utforminga, endeleg vegbreidde, skilting mm. vert del av detaljeringa i prosjektet, og i samråd med skulen.

### **Beredskap**

Føreslått løysing er testa med digitale verktøy for køyring av personbil og lastebil. Mini-rundkøyringa skal ha overkøyrbar øy slik at lastebil for varelevering kan passere. Elles er det lagt opp til ei løysing som hindrar rygging ut i veg, og med einssidig dropping av born og unge direkte på skuleplassen. Gjerde og ev. bom mot skuleplassen skal vere ein del av løysinga. Vegen er kommunal, og vert i dag nytta av lærarar som parkerer og av foreldre som droppar born langs vegen. Eksisterande kryss mot fylkesvegen vert nytta. Vegen skal vidast ut slik at passering av to personbilar vert opplevd som oversiktleg.

Sannsynlegvis vil trafikkauken på den kommunale vegen bestå av dei som i dag droppar i busslomma. Teljinga i august/september 2022 tilsa at det på det høgste var 10 bilar i tida mellom kl. 08:30 og 09:00 som droppa i busslomma. I same tidsrom var det høgst 4 bilar som nytta lerarparkeringa til dropping. Ny plassering av droppsona er oversiktleg, og det er rom for å stå i kø utan å lage ein kaotisk situasjon dersom alle kjem samtidig. Det vert i alle tilfelle viktig at foreldre kun droppar på avsett plass. Før kl. 07:30 er det plass på lerarparkeringa for dei som treng å fylgje borna inn på SFO.

Det er viktig å merke seg at vegen ikkje fører fram til anna enn bassenget ved skulen, og har neglisjerbar ÅDT etter lerarparkeringa.

### **Vurdering**

Etablering av ei droppsona på nedsida av Skakkesenteret har vore gjennom ein høyringsperiode og vorte vedteke av forvaltningsutvalet i februar i år utan nemneverdige merknader. Eit ope møte på Tinghuset i mars gav kommunen sterk indikasjon på at den vedtekne plasseringa var på ein stad med store fritidsinteresser blant både unge og vaksne. Etter at vegvesenet klargjorde at dei tildelte midlane frå 2022 vart overført til 2023, vart ny plassering av droppsona vurdert. Etter ein runde

med Statens vegvesen vart den nye plasseringa vurdert til å vere eit fullgodt alternativ, og fyrste forslag til droppsone går ut.

**Rådmannen/Kommunedirektøren sin konklusjon**

Forslag til droppsone på nedsida av Skakkesenteret går ut, og ny droppsone vert etablert langs den kommunale vegen inn mot lærarparkeringa ved småskulen til Enge skule.

**Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Forslag til plassering er i tråd med gjeldande detaljplan etter plan- og bygningslova.

**Vedlegg:**

22/8040-533 - Tilskot til tryggare skuleveg og nærmiljø - Førebels sluttrapport - Status - Tilbakemelding

22/8040 - Droppsone ved Enge skule i Etne kommune

Droppsone ved lærarP 230523

Tilskot til trafikksikre skuleveggar og nærmiljø i kommunar – tilsegn om midlar 2022